



Advokat Mikkel Mundal AS  
Lyngvegen 2  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3520 - 16/31107

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

10.11.2016

## Avvist søknad om deling - gbnr 123/13 Risa

### Administrativt vedtak. Saknr: 16/3520

**Tiltakshavar:** Advokat Mikkel Mundal AS

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om fradeling av gbnr. 123/13 Risa.  
Det vert elles vist til søknad motteken 02.11.16.

### Planstatus

Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

- Det må søkast om dispensasjon for tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for nausteigedom.
- Det må søkast om dispensasjon frå kommunedelplanen frå LNF-føremålet for nausteigedom.
- Søknad er sendt inn før fristen for nabovarsling har gått ut, jf. pbl. § 21-3.
- Det ligg ikkje føre fullmakt til å søke på vegne av heimelshavar.
- Nabo med gbnr. 123/64 bør varslast om tiltaket.

Det er ikkje søkt om dispensasjon for nevnte forhold, søknad om dispensasjon må òg nabovarslast. Kommunen finn det difor hensiktsmessig å avvise søknad slik at tiltakshavar kan framstille nødvendig underlag og sende inn søknad på nytt.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om fradeling avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3520**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Advokat Mikkel Mundal AS

Lyngvegen 2

5914

ISDALSTØ